



Retningslinjer for kommunalt bustadtilskot til førstegangsetablerarar i Hyllestad kommune

Intensjonen med ordninga er å motvirke fråflytting og stimulere for tilflytting. Ordninga rettar seg mot førstegangsetablerarar.

1. Tilskot kan bli gitt til privatperson som ønskjer å busette seg i Hyllestad kommune, og som byggjer eller kjøper heilårsbustad. Det blir gitt tilskot til kjøpesum for eksisterande bygg, eller byggekostnad ved nybygg. Tilskotet er 10 % for privatpersonar under 45 år og 5 % for privatpersonar over 45 år. Tilskotet er maksimalt kr 250.000.

Tilskotet gjeld som hovudregel for førstegangsetablerarar, men det vert også gjeve tilskot når det er meir enn 5 år sidan søkjar tidlegare har eigd bustad i Hyllestad.

Bustadtilskotet skal totalt berre utbetalast ein gong til dei som søkjer om bustadtilskot.

Bustadtilskotet gjeld ved tinglyst eigarskifte der tidlegare eigar ikkje er deleigar.

2. Næringsaktørar dett utanfor retningslinjer for tilskot, med unntak av bustadhus på gardsbruk. Ordninga gjeld også søkjarar som er hindra frå å nytte bustaden på eigedommen grunna skriven burett for tidlegare eigar.
3. Søkjar treng ikkje å vere registrert busett i kommunen ved tidspunkt for skriftleg søknad, eller når tilskotet vert innvilga. Søkjar mottek tilskotsbrev frå kommunen, som kan nyttast som del av eigenkapitalkravet i finansieringa av bustaden.
4. Søkjar må vere registrert busett i kommunen før utbetaling av tilskot.
5. Tilskotet vert utbetalt når endeleg ferdigattest er gjeve eller skøyte er tinglyst.
6. Innvilga tilskot til nybygg skal nyttast innan to år frå tidspunkt for godkjenninga. Dersom søkjar ikkje har fått ferdigattest innan to år, så fell kommunen sitt tilbod automatisk bort utan føregåande varsel. Hyllestad kommune kan i enkelttilfelle, og etter skriftleg søknad, innvilge eitt års utsetting. Søknad om utsetting skal grunngjevast.
7. Innvilga tilskot til kjøp av sjølveigd bueining skal nyttast innan seks månader frå tidspunkt for førehandsgodkjenning/tilskotsbrev. Vedtaket vert gjort når søkjarskal by på konkrete bueiningar. Dersom ikkje skøyte/kontrakta er signert innan seks månader, så fell kommunen sitt tilbod automatisk bort og utan føregåande varsel.

8. Eventuelle likningsrelaterte problemstillingar knytt til motteke tilskot er kommunen uvedkommande.
9. Det vert sett av midlar i driftsbudsjettet til oppfølging av ordninga, som del av den årlege handsaminga av budsjett- og økonomiplanen.
10. Reviderte retningslinene gjeld frå og med 01.01.2024. Retningslinene skal reviderast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.
11. Før utbetaling skal mottakar skrive under ein avtale der mottakar aksepterer retningslinene for tildeling.
12. Tilskotet utløyser 10 års bindingstid, men med 10 % nedskrivning av tilskotet per år (10 % av tilskotssum i fast årleg sum). Ved eit eventuelt sal av bueininga før 10 år, skal tilskotet betalast attende i samsvar med kor mange år ein har budd i kommunen etter at ferdigattest/skøyte vart motteke.
13. Tilskotet vert tinglyst som ein urådighetserklæring på eigedommen. Bueininga kan då ikkje seljast utan samtykke frå Hyllestad kommune. Tinglysningsgebyr vert dekkja av Hyllestad kommune.

Retningsliner for tilskot til bustadetablering frå 1.1.2021 vedteke av kommunestyret sak 21/056.
Reviderte retningsliner frå 1.1.2023 vedteke av kommunestyret sak 22/080.
Reviderte retningsliner frå 1.1.2024 vedteke av kommunestyret sak 24/011.